



 NAMN:  
 KLASSE:

 LÅG  MIDDELS  HØG 

Når skal ein bruke mellomrom? Sjå på reglane og skriv døme!



### Mellomrom ved skiljeteikn

Det skal ikkje vere mellomrom framfor punktum, komma, ropeteikn, spørjeteikn, kolon og semikolon. Det skal berre vere eitt mellomrom etter teikn som avsluttar ei setning eller ei ytring.

**Døme:**

### Parentesteikn og hermeteikn

Det skal ikkje vere mellomrom mellom parentesteikn og tekstdelen dei innleier og avsluttar. Det same gjeld for hermeteikn.

**Døme:**

### Mellomrom ved tankestrek

Når tankestrek vert brukt som replikkstrek, skal det vere eitt mellomrom etter tankestreken. Vi brukar ikkje mellomrom framfor og etter tankestrek som viser til tidsrom, avstand eller liknande.

**Døme:**

### Tidsrom og avstand

Vi brukar ikkje mellomrom framfor og etter tankestrek som viser tidsrom, avstand eller liknande.

**Døme:**

### Mellomrom ved store tal

Store tal ordnar vi i grupper på tre og tre siffer. Start inndelinga frå høgre.

**Døme:**

### Fleirordsforkortingar

Det skal ikkje vere mellomrom i fleirordsforkortingar med punktum.

**Døme:**

### Teikn som erstattar ord

Teikn som står i staden for ord, og som vi les som ord, behandlar vi som ord. Det skal til vanleg vere mellomrom mellom siffer og teikn som høyrer til.

**Døme:**

### Datering

Ved datering med siffer brukar vi ikkje mellomrom.

**Døme:**

### Mellomrom ved rekneteikn

Vi brukar til vanleg eitt mellomrom framfor og etter plussteikn, minusteikn, multiplikasjonsteikn, divisjonsteikn og likskapsteikn. Det skal ikkje vere mellomrom når pluss og minus berre gjeld eitt tal.

**Døme:**

### Forholdet mellom tal

Når kolon vert brukt til å vise forholdet mellom tal, skal det også vere mellomrom framfor teiknet.

**Døme:**

### Utelatingsteikn

Tre punktum kan markere nøling eller uavslutta ytring eller ord. Sjå korleis vi bruker mellomrom her.

**Døme:**